

Ukjent stamme funnen Nordiske kultur-veker i Lemvig

Av Ola Jonsmoen



Lemvig hamn er ein samlingsstad for folk, båtar, tog og bilar. Foto: forf.

Holmen vidaregåande skule på Tynset og Lemvig gymnasium på Vest-Jylland i Danmark har hatt kontakt med kvarandre i fleire år. Dette har ført til utveksling av elevar, lærersamlingar og til eit breitt samarbeid som også omfattar kulturliv og næringsliv i dei kommunane som er inntaksområde for dei to skulane. I 1993 var det ei stor nordisk kultur mønstring i Lemvig, med norsk,

svensk, færøysk og tysk representasjon. Frå Nord-Østerdalen reiste dansarar, musikarar, biletkunstnarar og brukskunstnarar, og ein stor flokk med elevar og lærarar frå Holmen vidaregåande skule. Nord-Østerdølene sette preg på Lemvig og Ringkøbing Amt dei dagane dei var der på kulturveke som hadde fellesnamnet "Nord-vesten". Ideen for kultur mønstringa er møte mellom men-

neske frå utkantregionar, som slik vil dokumentere si livskraft og si livsevne. I 1995 skal eit arrangement med tilsvarande målsetting lagast til i Nord-Østerdalen. Somme inntrykk frå Lemvig kan kanskje såleis vere av interesse. Opningstalen som eg heldt i aulaen ved Lemvig gymnasium streifar noe av idegrunnlaget attom eit nordisk utkantmøte.

Telegrambyrået Reuter skreiv ein gong at ei ukjent stamme var funnen, og eg tenkte straks: Det må vere oss! Endeleg har verdenspressa forstått at det slett ikkje er sant at verden er oppdaga. I Nord-Østerdalen i Norge er det landskap og menneske, skogar og fjell og bygder, som fleire milliardar aldri har sett og møtt. På Vest-Jylland av det langt meir urbaniserte og siviliserte Danmark fins det landskap og menneske noen tusen østerdøler frå Norge aldri har sett og møtt. Fantastisk, eigentleg! Verden er berre overflatisk registrert. Men oppdaga? Nei. Det ligg kontinent som vi ikkje veit om, i land som er våre venneland, for ikkje å snakke om i menneskesinn, der det grenselause er like handgripeleg som det grensebundne.

Colombus oppdaga ikkje Amerika. Det hadde andre gjort før han. For eksempel Leiv Eriksson, vil ein patriotisk nordbu påstå. Eg vil hevda at dei menneske som budde der måtte nødvendigvis ha oppdaga seg sjøl og sitt eige land lenge før andre kom og gjorde krav på plass blant berømte sjøfararar og eventyrarar.

Eg skal ikkje her i vakre Danmark nedkjempe alle våre illusjonar. Eg skal la oss leve med historia, også med dei delane av den som er overtru og innbilling og forenkling og skryt. Men eg vil avlive den myten at verden er oppdaga. Heller da som den norske nasjonalskalden Bjørnstjerne Bjørnson "ære det evige forår i livet, / som allting har skapt!" Vi har bare såvidt begynt å oppdage livet og verden. For oss er Ringkøbing amt utforska mark, historie, natur og kultur, kunst, menneske. Ikkje minst det siste. Derfor har vi oppdagarens vidopne auge og nyoppdagarens ivrige, entusiastiske og utolmodig sinn.

Det meste veit vi altfor lite om. Vi skal oppdage språket med alle kjente og alle uforstålege ord, som vi skal erobre og forstå men samtidig la forbli uforstålege. Det er balansen mellom det framande, det ukjente og det nære og forståleg kjente som skapar spenning i tilværet. Det er same balansen vi finn att i den allmennmenneskelege dragninga mellom utferdsløyst og heimekjær bufastgledede.

Ukjent stamme funnen! Nei da, det var verken på Vest-Jylland eller i aust-Norge. Det var i Papua Ny-Guineas fjell sør i Stillehavet. Dei hadde sitt eige språk. Hadde aldri sett knivar og økser av stål. Vi brakte te, salt og sukker!

Fortel radiojournalisten George Korei.

Når norske innlandsmenneske møter danske kystmenneske kjem vi ikkje med te, salt og sukker, forståleg nok. Ikkje med knivstål og øks. Vikingtida har vi lagt bak oss. Unionstid og einevelde like så. Vi kjem for å lære. Eller enda betre. Vi kjem for å forlengje grenser, ikkje imperialistisk ved å okkupere åkermark og strender, men for å utvide vårt revir for omtanke, omsorg og for kunnskapar, innsikt, utsyn. Forøvrig skal vi la jydene leve i fred.

Vi står utstyrt for safari inn i den indre krattskog av danske lynne, det vestjydske sinn - inn til hjarterøtene. Vi har verken tropehjelm eller sherpaer, men det opne sinns utrustning og den seismograf for medmenneskelege vibrasjonar vårt hjartelag er.

Den danske skribenten, historikaren Palle Lauring påstår at Danmarks grense mot Norge går ved Larsens Plads, der danskebåten legg til i København. Han spidar poenget, men er likefullt på feil kontinent. Grensa mot Danmark går i våre sinn, og dei er grenselause. Såpass store ord må til for å bekrefte ein annan av Palle Laurings påstandar, at nordmenn elsker superlativar. Derfor kan eg med dansk rett og med vitenskapleg belegg hevde at det er noe grensesprengande å kunne møtes til nordiske kultur dagar i Lemvig. Her møtes det innlandskalde og det milde, det forfrosne og det mjuke,

og ettersom eg nå nærmest er pålagt å halde meg til superlative uttrykk: Vi blir harde i motgang og mjuke i omgang med andre, med kvarandre.

Og det var punktum for mitt helteprat. Det ligg så himmellangt frå min natur at dersom eg fekk opne for sjela ville de finne at den snarare er blid jydsk enn steil norsk. Det er ingenting av Tordenskjold og Fridtjof Nansen der, - diminutivane er betre ord i min munn enn superlativane; eg er gladare i kvardagsordet enn i den imperative omgangstenen.

Kanskje er det nettopp derfor eg kjenner meg glad over å få vere på Vest-Jylland i dag og noen dagar frametter, for å få lov å oppleve at det er dei mjuke verdiane som tek bort skilje mellom menneske, varmen i ord og vennskap, i ungdom og i kunst.

Det aller beste i oss er enno uoppdaga. Men vi har alle ein sjanse. Om vi fullt ut tør vere medmenneske for kvarandre! Om vi tør akseptere at vi både er ulike og like, og at vi er individ utan sinns grenser! At klumpen i halsen er det beste teikn på at vi er menneske, og medmenneske!

Eitt av dei område vi vil gjenoppdage er vår felles litteratur. Eller kanskje enda meir den særdanske som er nordisk til margen, bare for å nemne eitt namn, Johan Fredrik Severin Grundtvig, verdens mest produktive geni! Vi kan kome til oppdage eit heilt kontinent.

Samtidig vil vi finne tilbake til felles menneskelege verdiar. Kva er det som verkeleg betyr noe for oss menneske i Norden? Kanskje først og fremst medkjensle og åndeleg energi - den typen intelligens som hjelper oss til å gjennomskue myten om framskrittet. Til **det** trengs styrke. Saman kan vi gi kvarandre mot til å la ein gammal forvaltartanke avløse det blinde forbruk, det å ta vare på for å ha, å verne verdiane for å ha noe å overlate til nye generasjonar, å balansere det styrlose "framskrittet" med positive frykt for kvar det kan kome til å føre oss. Gjennom kunsten, gjennom diktning og gjennom religion, er det opp gjennom hundreåra fortalt oss at bare ved liing og vonbrot og påkjenningar, er mennes-

ke i stand til å hausta erfaringar som nedfeller seg i oss som livsvisdom, og klokskap. Det er denne tanken den finlands-svenske filosofen Georg Henrik von Wright i kortform kallar den provokative pessimismen.

Han ser ingen utveg, har ingen resept, men hjelper **oss** til å sjå. Ei enkel sjel som mi ser at verden eigentleg er uoppdaga, og finn trøst ved det. Eg trur at vår enkle oppdagarglede er ei positiv åndeleg drivkraft.

Dei nordiske kulturdagane her i Lemvig gjev oss ein einestående sjanse til refleksjonar over samanheng, over



Frå kunstutstilling under Nordvesten 1993. Foto: forf.

samvær, over skilnader og over likskapar, over at vi enno ikkje på langt nær har erobra all kunnskap.

I første omgang - trass i den pessimistiske filosofen, som eg fryktar har meir rett enn eg likar å måtte innrømme - går vi på oppdagarferd i alt det vi kan gle oss over. Ikkje bare med hovudet føre. Ikkje bare med nesen løfta mot lukta av salt sjø, ikkje bare storøygde ved synet av smukt land og vidt hav, ikkje bare med hørande ører mot lyden av dønningar og musikk. Summen av sans og tanke er vårt kompass. Vår evne til latter og gråt, la den vere med oss kvart einaste sekund desse dagane i Vest-Jylland, for så seinare å finne seg permanent bustad i oss.

Ingenting er meir gledesdrepende enn et fellesskap som bare er ein påstand og ein innbitt ambisjon. Ingenting er meir gledeskapande enn eit fellesskap der

vi kjenner oss som meir enn slektningar fordi vi er så forskjellige, og så intenst lykkelege over at nettopp i forskjellen ligg dei gode og glade spenningar som skaper felles skjebne, felles bevisstheit om ein verdikamp der vi ser nytten av kjennskap og vennskap, og trua på at det beste har vi menneske enno ikkje oppdaga. Heile Norden har bruk for kvardagens lykkelege, nysgjerrige kolumbi døtrer og søner. Vi drøymmer alle om å oppdage og om å bli oppdaga, ikkje av imperialistar som kjem med te og salt og teknologi og krev gull og slavar og land, men av medmenneske som ikkje krev men som er glade ved å få, og som brenn etter å gi. Det er klumpen i halsen som vi vener i Norden alltid må vere villige til å akseptere - for dermed å kunne bevare ei provokativ - utfordrande - medkjensle med heile vår ulykkelege verden.